

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>9/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Mandag 9. desember kl. 11:00 – 16:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Meland rådhus, formannskapssalen</b>

**Til stades:**

<b>Ordførar:</b>	Jon Askeland, , Nils Marton Aadland, Hallvard Oppedal, Knut Moe, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Karstein Totland, Kristin Handeland, Jarle Skeidsvoll (varaordførarar Osterøy)
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, , Jarle Landås, Vidar Bråthen, Reidun Halland, Jan Olav Osen, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Jostein Førre (ass. rådmann Osterøy)
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss og Kari Evensen Natland (sak 92-94/13)
<b>Andre:</b>	Oddmund Sylta, Skyss (sak 90/13), Tor Erik Baksaas, Telemarksforsking (sak 91/13), Ole-Gunnar Søgnen, Elin Styve og Audun Rivedal, Høgskulen i Bergen (sak 93/13)
<b>Forfall:</b>	Kari Foseid Aakre, Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen

<b>Sak 88/13</b>	<b>Godkjenning, møteinkalling og saksliste</b> Møteinkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 89/13</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll møte 8/2013</b> Møteprotokollen frå møte 8/2013 vart godkjent utan merknadar
<b>Sak 90/13</b>	<p><b>Informasjon frå Skyss – båtrute m.v. (kl. 11:00-11:30)</b>          Direktør Oddmund Sylta frå Skyss orienterte om den nye båtruta – Nordhordlandsruta (sjå vedlagte presentasjon).</p> <p>Båten M/S Fjordkatt er bygd i 2006 og har kapasitet på 180 passasjerar. Båten vil verta profilert med Skyss sine fargar og logo. Reisetida vert 27 min frå Knarvik og 21 min frå Frekhaug. Marknadsføring av ruta skjer i desse dagar gjennom annonsering i Nordhordland og Strilen i vekene, på skyss.no og ein har eigen side på facebook. Målet til Skyss er å få til nytrafikk. Sylta orienterte om billettprisar (sjå presentasjon), og sal om bord i båten vil vera den primære salskanalen. Båten vil vera utstyrt med bankterminal. Påfylling av periodekort for buss og båt kan gjerast på eksisterande billettautomatar for buss. Det vil bli gjort ein del opprusting på kaiområdet i Knarvik.</p> <p>Nils Marton Aadland peika på at det er viktig å snakka fram prosjektet.</p>
<b>Sak 91/13</b>	<b>Kommunestruktur 2015 – førebels framlegging av avgjerdsgrunnlag (kl.12:00-14:00)</b> Tor-Erik Baksaas presenterte førebels avgjerdsgrunnlag – sjå vedlagte presentasjon. Han bad om at innspel og merknadar til den vert sendt innan førstkommande fredag – via dagleg leiar.

<p>Det er deler av rapporten og arbeidet / prosessen som vil vera meir krevjande enn andre, t.d. vil ulik kommunal prissetjing (foreldrebetaling og årsgebyr og sektorvis prising) vera utfordrande i det vidare arbeidet. Det vart stilt spørsmål til kvifor ein opererer med ulike satsar mellom kommunane når alle er innanfor NGIR-systemet?</p> <p>I løpet av - og etter presentasjonen vart det opna for spørsmål og innspel.</p> <p>Fylkesmann Lars Sponheim viste til at forhandlingar i desember fører til eit brett forlik i Stortinget, og at alle parti er med. Siktemålet for Stortinget er å leggja dette fram i kommuneøkonomiproposisjonen til våren. Stortinget kjem nok til å velja frivilligheitslina, men dersom enkelte kommunar stoppar gode løysingar, vil det kunne brukast tvang. Det er ikkje tvil om at slik det det er i dag vil det vera ulønnsamt for kommunane å slå seg saman, det må andre rammer og intensiver på plass dersom dette skal bli aktuelt.</p> <p>Sponheim skal treffa departementsråden denne veka, og vil ta med seg både rapporten og signal om intensiver til han.</p> <p>Sponheim peika vidare på at alternativ 1 i rapporten i realiteten er ein Regionkommune, slik det har vore nasjonale forslag om tidlegare. I det forslaget låg det i såfall større og fleire oppgåver til regionkommunen som t.d. vidaregåande skule, utviklingsoppgåver og næringsutvikling. Sponheim viste til at ein må tenkja nytt og framtidsretta - t.d. virtuell kommune som baserer seg på IKT. Vidare at ein ser på bruk av rådhusa slik dei ligg i dag slik at ein spreier oppgåver og kunnskap utover heile regionen. Ein kan og tenka seg desentralisert politisk organisering som ein t.d. gjer med bydelsutvala i Oslo, og som mange store konsern innanfor næringslivet gjer. Dei samlar gjerne konsernet i eit hovudkontor, men spreier arbeidsplassane utover i landet. Det er viktig å setja i gong prosessane i kommunane no, slik at dei politiske diskusjonane kan byrja. Ver heilt opne no, viktig og ikkje ha noko skjult agenda. Få fram både negative og positive sider – og lag ein visjon for arbeidet.</p> <p>Nordhordlandsregionen ligg langt framme og har signalisert folkeavstemming allereie hausten 2015. Sponheim trur at sentrale styresmakter vil vera interessert i dette, og regionen bør sjekka kva fordeler ein kan få ut av dette? Ikke stå med lua i handa, men set press på Regjeringa! Sponheim hadde vidare ein ryggmarksrefleks på at det er riktig av regionen å tenkja stort. Det påpeika også at det vil vera ein fordel for dei små kommunane å vera med å bestemma kartet og framtida no i frå starten, og ikkje koma etterpå når tenester allereie er fordelt. Nordhordland kan no bruka mogelegheita til verta ein framtidig attraktiv region – og kan sjølv setja seg i stand til å vera det!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Jon Askeland stilte spørsmål til om prosessen går for fort, og om me burde venta med handsaming i kommunestyra til kommuneøkonomiproposisjonen var klar til våren?</li> <li>▪ Karstein Totland viste til at det finnест andre alternativ enn kommunesamanslåing. Vidare at det aller viktigaste for kommunane i distrikta vil vera å få betre kommunikasjonar t.d. Masfjordbruа for deira del, og betre vegar på Radøy for dei. Fyrst då vil kommunesamanslåing verta reelt.</li> <li>▪ Hallvard Oppedal meinte at det er viktig å køyra løpet slik det er tenkt, ein har rettrettmogelegheiter seinare i prosessen.</li> <li>▪ Nils Marton Aadland meinte at det no er viktig å halda fokus på forankring i kommunane og å køyra løpet slik det er planlagt. Me gjer ikkje dette for å spa pengar, men for få betre og meir framtidsretta tenester.</li> <li>▪ Jarle Skeidsvoll synest prosjektet foreløpig fokuserer eine åleine på tall og tekniske sider – og manglar spenst og visjonar og kva ein vil med kommunesamanslåing. Kva er det regionen ynskjer å skapa?</li> <li>▪ Astrid Aarhus Byrknes peika på at enten er folk veldig for – eller så er dei veldig i mot, eller dei sit og venter på kunnskap. Ho meinte at det viktigaste no er å få prosessen ut i kommunane.</li> </ul>
--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vidar Bråthen meinte at prosessen må gå vidare, men at det er vanskeleg å vera profet i eige rike, og at det derfor må bringast kunnskap ut. Prosessane i den enkelte kommune må vera ryddige og ordentlege - og ein må kunne seia noko om framtidig utvikling.</li> <li>▪ Jon Askeland peika på at innspela viser at det er behov for å laga ein rapport som løfter blikket litt meir og at den peikar på visjonar.</li> <li>▪ Øivind Olsnes viste til det same - og at dimensjonane i forhold til kva mogelegheiter dette gjev, må koma tydeleg fram.</li> <li>▪ Karstein Totland viste til sist møte der han føreslo at Tor Erik Baksaas tok ein runde i alle kommunane. Me må kunne samanfatta datoar til dette og bruka Telemarksforskning.</li> <li>▪ Lars Sponheim meinte at prosessen er kome så langt at alle kommunestyra bør setja ned ei arbeidsgruppa som ser på kva fordeler kommunen har – og er best på – og kva ein kan bidra med inn i ein ny kommune.</li> </ul> <p>Jon Askeland summerte opp at alle no i løpet av veka kan mælda tilbake til dagleg leiar i NUI som så sender samla tilbakemeldingar til Telemarksforskning. Når rapporten er endeleg, lagar NUI forslag til kommunestyrevedtak og sender dette til kommunane.</p>
<b>Sak 92/13</b>	<p><b>Ny prosess for tildeling av skjønnsmidlar til omstilling og fornying</b> Fylkesmannen føreslår gjennom skriv datert 22. november 2013 ny prosess for tildeling av skjønnsmidlar til omstilling og fornying. Sjå vedlegg.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet sluttar seg til skrivet frå Fylkesmannen i Hordaland datert 22. november 2013 om at regionråda bør ha ei koordinerande rolle i samband med søknadsprosessen og ved rapportering.</p>
<b>Sak 93/13</b>	<p><b>Høgskulen i Bergen – kontaktmøte</b> (kl. 14:30-16:00) Ole-Gunnar Søgnen orienterte om Høgskulen i Bergen (HIB) – sjå presentasjon vedlagt. Til stede var også Elin Styve og Audun Rivedal.</p> <p>7000 studentar – 750 tilsette – 750 millionar. Tre avdelingar; avdeling for ingeniørutdanning, avdeling for helse- og sosial, avdeling for lærarutdanning. Vidare senter for nyskaping, senter for kunnskapsbasert praksis, senter for omsorgsforskning, senter for utdanningsforskning og senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon.</p> <p>HIB ynskjer samarbeid med Region Nordhordland og ser stor fordel i samarbeid med regionen framfor kvar enkelt kommune. HIB viste til enter-programmet, jentedag og teknologidag, og til samarbeidsavtale med Mongstad, med Osterøy innanfor CNC og robot og til Lindåsprosjektet innanfor omsorgsteknologi. Innanfor masterstudiar vil det vera forskararbeid som er viktig for regionen og som kan gjerast i dialog med miljø i regionen.</p> <p>Jon Askeland peika på arealplanlegging som eit viktig område i kommunane og der HIB og kommunane kunne sett som samarbeidsarena - og vidare om HIB kunne bli det akademiske miljøet i Noreg innanfor PBL – og i forhold til arealplanlegging?</p> <p>Kari Evensen Natland orienterte om Biosfæreprosjektet, og peika på mogelege samarbeidspunkt. Astrid Aarhus Byrknes roste det gode samarbeidet som er mellom HIB og kommunen innanfor omsorgsteknologiprosjektet. HIB kvitterte tilbake om at dette er eit prosjekt der samarbeidet fungerer veldig godt!</p> <p>HIB stilte spørsmål om det vert gjort analyse av behov i regionen – over kommunenivået? Det var påpeika at Nordhordland kursregionen bør kunne vera eit fora i denne samanheng. HIB kan levera tilpassa kurs til regionen. HIB ynskjer eit tett samarbeid med regionen og det vil vera fint om regionen og kommunane er obs på samarbeid som kan utviklast.</p>

<b>Sak 94/13</b>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b>  Nils Marton Aadland og Jon Askeland orienterte kort om høyring – regional plan for framtidig godshamn i Bergensområdet.</p> <p><b>Kompensasjonsfondet – søknad frå Nordhordlandspakken AS</b>  Viser til søknad frå Nordhordlandspakken AS, og til saksutgreiing (vedlegg).</p> <p><b>Vedtak:</b>   Regionrådet løyer 250 000,- frå kompensasjonsfondet til Nordhordlandspakken AS for drift av selskapet i 2014.</p> <p><b>Møtekalender 2014</b>  Dagleg leiar la fram forslag og sender denne ut på høyring til ordførarar og rådmenn.</p> <p><b>Neste møte:</b>  Fredag 14. februar 2013 kl. 09:00-15:00</p>
------------------	--

Knarvik, 10 . desember 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

- Sak 90/13: Presentasjon av Skyss
- Sak 91/13: Telemarksforsking, kommunestruktur – gjennomgang av rapport
- Sak 92/13: Ny prosess for tildeling av skjønsmidlar
- Sak 92/13: Ny prosess for tildeling av skjønsmidlar – forslag til vedtak
- Sak 93/13: Presentasjon av Høgskulen i Bergen
- Sak 93/13: Biosfæreprosjektet
- Sak 94/13: Kompensasjonsfondet – Nordhordlandspakken – søknad om driftsstøtte
- Sak 94/13: Kompensasjonsfondet – Nordhordlandspakken – forslag til vedtak